



DEN NORSKE KYRKJA

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd torsdag 29.08.24 kl.18.00 i Bønnens Hus i Ortnevik.

Tilstades: Camilla M. Ådland, Terje Søreide, Sissel Sørebo, Kjersti J. Søreide, Inger C. Fitje og sekretær Ann I. Østerbø.

Ingunn Østerbø på telefon

I tillegg var kyrkjeverje Stig J. Fitje og Inge Brekke som er med i jubileumsnemnda for Ortnevik kyrkje med på delar av møtet.

Inger C. las eit vers i salmeboka til opning.

Innkallinga vart godkjent.

Meldingssaker:

12 /24 Info frå fellelsrådet v/ Terje – møte i juni handla mest om nye tilsette og økonomi. Neste møte blir 19. sept.

13/24 Massnes Villmarksmuseum feira 40 års jubileum i mai - gåve frå kyrkjelyden.

14/24 Bjordal kyrkje har fått fjernstyring av varmen.

15/24 Nye tilsette: Administrasjonssekretær Renate Ørnehaug Dale 50 % stilling, kyrkjemusikar Harald Dahlstrøm 50 % , og kantor Peter Jobaggy 40 % stilling.

16/24 Arrangement/tiltak sidan forrige soknerådsmøte :

- Konfirmasjonsgudsteneste i Bjordal 12. mai v/ Runar M. Li. – fin gudsteneste. Solosong v/ Aud M. Bjordal. Inger C. var klokkar for Ann I.
- 17. mai gudsteneste – Bjordal – 41 personar og Ortnevik 65 personar.
- Trusopplæringsutvalet hadde møte i Ortnevik 28. mai og planla opplegg for hausten.
- T- klubb i gamlebanken for 1. kl. og oppover 28. mai - 3 barn + Heike og Ann I.
- Friluftsgudsteneste på Åsenutsikta/ dagsturhytta på Søreide 2. juni – 19 personar. Forsangargruppe i staden for organist.
- Gudsteneste m/ dåp i Bjordal 7. juli - 40 personar. Gudstenesta vart flytta til kyrkja p.g.a. vermeldinga.
- Olsokgudsteneste på Sande 29. juli - 21 personar.
- Samling i stavkyrkja i Ortnevik 18. august – markering av 750 år sidan Magnus Lagabøte si landslov vart innført - tilsaman 19 personar.
- Open kyrkje i Ortnevik i sommar – ca 24 personar har skrive i gjesteboka. I tillegg dei som ikkje har loggført ! Neste år kan vi setje / henge opp skilt v/ kyrkja for å informere betre.
- Song på Bygdetunet startar oppatt etter sommaren 9. september.
- Inger C. hadde andakt på Bygdetunet 28. august.
- Framleis God helg v/Geir S. på nett.

Sakliste

Sak 33/24 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 2. mai.

Vedtak: Møteprotokoll frå 2. mai vart godkjent.

Sak 34/24 100 - års jubileet til Ortnevik kyrkje.

Vedtak: Kjersti har snakka med Geir Sørebo. Han blir med i gruppa som skal lage eit jubileumsskrift/ hefte.

Soknerådet tenker at ein brukar delar av stoffet frå 75 års jubileet, i tillegg til noko nytt.

Kjersti og evt. Inge vil ta kontakt med 5-6 personar som saman med redaktør i Ytre Sogn; Stig H. Øvreås og

Geir vil samarbeide om å lage eit levande stoff frå livet rundt kyrkja og hendingar knytta frå Ortnevik.

Til dømes intervju med ungdommar som har vakse opp i bygda, arkiv frå Helgestunder, Ytre Sogn,

nasjonalbiblioteket, månadsmeldingar frå Ortnevik m.m.

Inger C. vil lage eit program for helga og sette opp eit budsjett for å søke midlar.

Saniteten i Ortnevik og Ortnevik grendelag får spørsmål om å vere med, då bygda vil stå meir samla om markeringa.

Dette er ein happening som gjeld for heile kommunen, og det vil bli sendt ut invitasjonar.

Neste møte i nemnda blir 14. okt. kl. 19 hjå Inger C. og Stig J.

Sak 35/24 Familiesamling i Ortnevik 15. september kl. 16.00.

Vedtak: Familiesamlinga vert flytta til 20. oktober då det skal vere dåpsgudsteneste i Ortnevik.

Sak 36/24 Fordeling av oppgåver til hausttakkefesten på Massnes 6. oktober.

Vedtak: Mari – Ann kjøper inn sodd, og Ingunn bakar kaker. Ann I. kjøper elles inn det som trengs. Sissel tek med

frukt. Ingunn og Ann I. møter tidleg og har ansvar på kjøkkenet. Inger C. høyrer om konfirmantane kan hjelpe

til.. Vi kan invitere pensjonistlaget.

Sak 37/24 Halvårsplan for hausten.

Vedtak: Gudstenestene fram til nyttår er fastsett.

- Plan for konfirmantane : Inger C. har ansvar for dei to konfirmantane frå Sørsida, i tillegg til 3 ungdommar frå Lavik. Dei vil vere med på ulike arrangement, og ha litt lengre samlingar på elevfri dagar. Dei vil bruke hefte konflogg. Sjå eige vedlegg/ plan.
- Annonsering: korleis kan vi annonsere arrangement på ein god og tenleg måte ?
Kan vi lage ei liste med personar som får info på facebook ? Tekstmelding der ein får ein personleg invitasjon ? Soknerådet kjem tilbake til saka.

Sak 38/24 Det nye misjonsprosjektet i Etiopia – korleis kan vi gjere dette kjent / informere ?

Vedtak: Ann Iren er kontaktperson og vil fortelje frå Etiopia på gudstenester med offer til prosjektet.

Førstkommande søndag er det markering i kyrkja og vi kopierer opp info- ark der ein kan bli fast gjevar. Den gamle misjonsavtalen som heng i kyrkjene blir bytta ut med den nye.

Sak 39/24 Stoff til neste Helgestunder.

Vedtak: Aktuelle bilder og stoff blir sendt til Sissel. Dette vil soknerådet ha med i neste blad: bilde frå dagsturhytta på Søreide, dåp i Bjordal og samling i stavkyrkja i Ortnevik.

Sak 40/24 Julekonserten i Ortnevik

Vedtak: Kjersti har hovudansvar for konserten og tek kontakt med personar.

Sak 41/24 Møteplan vidare

Vedtak: Neste møte blir onsdag 6. november kl.18 i Ortnevik.

Eventuelt

Sak 42/24 Behov for måling av klokketårnet i Ikjefjord.

Vedtak: Ingunn har sett at det trengs skifte av bordkledning og måling av klokketårnet i Ikjefjord. Terje og Kjersti ser at saka kjem opp i fellesrådet på vedlikehaldsbudsjettet for neste år.